



Det er mykje å hugse når eg skal **KLATRE** mot toppen!

Eg må tenke lurt og bruker heile kroppen.

Eg må seie høgt til meg sjølv: Dette **KAN** eg.

Det som er vanskeleg kan eg **LÆRE** meg.

Eg må vite at eg har **ANSVAR** for å øve.

Eg skal kjenne meg **TRYGG** nok til å prøve.

Eg må **RESPEKTERE** dei andre som er med.

Eg skal vere **ENGASJERT** så eg ikkje ramlar ned.

Så vert dei ståande **K L A T R** og **E**,

vi som høyrer til Langevåg skule skal klatre, ver sikker på det!



# VERDIPLATTFORM

I dette verdidokumentet har vi sett ord på kva som er viktig for å nå visjonen vår «*Kunnskap, trivsel og glede*». Langevåg skule har eit felles verdigrunnlag som skal vere synleg i alt vi gjer. Det er sett fokus på elevane, dei lærande, men også på rammene rundt. I treet klatrar elevane mot sine mål. Dei er ulike, dei har ulike mål og dei nytter ulike strategiar for å nå måla sine. Felles for elevane er at dei gjer sitt beste ut frå sine føresetnadar. Læringsreisa går føre seg saman med mange andre og det er viktig å ha eit felles språk for læring og samhandling.

For at treet og verdiplattforma skal fungere, må treet stå støtt. Læringsreisa må ha gode rammer. Røtene er sentrale i biletet og står for heim, elev og skule. Dei tre røtene er heilt avhengige av kvarandre for at treet skal vere godt og trygt å klatre i. Røtene symboliserer godt samarbeid og felles verdigrunnlag. Heim, elev og skule vert derfor like viktige i vår verdiplattform. Elevane skal møte vaksne både på skulen og heime som set læring og verdiar høgt.

Det er ikkje eg og du, det er vi.  
Dei er ikkje mine og dine , det er våre.  
Det er ikkje di utfordring åleine, det er vår.

På neste side finn du konkretiseringa av ordet KLATRE for alle involverte. La det vere grunnlag for samtale og refleksjon

Kan  
Lære  
Ansvar  
Trygg  
Respekt  
Engasjert

**Mottoet er: Saman mot nye høgder!**



# **Eleven**

## **K – Eg KAN**

Eg veit kva som er oppgåvane mine.  
Eg er motivert.  
Eg er sjølvstendig og samarbeidsvillig.  
Eg gjer ting eg synest er vanskeleg og uvant.  
Eg veit kva eg er god til.

## **L- Eg vil LÆRE**

Eg er på skulen for å lære.  
Eg tar gode val.  
Eg har læringsfremjande åtferd.  
Eg er med på å skape eit positivt læringsmiljø.

## **A – Eg tar ANSVAR**

Eg gjer mitt beste og viser god innsats.  
Eg veit kva som er forventa av meg.  
Eg følgjer opp leksearbeid.  
Eg er førebudd med rett utstyr.

## **T- Eg treng å kjenne meg TRYGG**

Eg har nokon å vere saman med og nyttar vennebenken dersom eg er einsam.  
Eg passar på at andre har nokon å vere saman med, og tar andre med i leiken.  
Eg ser dei andre.  
Eg tar dei andre på alvor.  
Eg kan seie i frå til andre barn eller vaksne dersom noko ikkje er bra.  
Eg tar avstand frå mobbing.  
Eg er med å skape eit positivt klassemiljø.  
Eg snakkar fint om andre.

## **R- Eg har RESPEKT for andre**

Eg er raus og tar andre i beste meinung.  
Eg gjer andre glade.  
Eg er hjelpsam.  
Eg rosar og oppmuntrar andre.  
Eg er høfleg.  
Eg veit at alle er ulike og vil at alle får vere den dei er.

## **E- Eg vil vere ENGASJERT**

Eg gjer mitt beste.  
Eg deltar sosialt og fagleg når eg kan.  
Eg stiller spørsmål.  
Eg byr på meg sjølv.  
Eg prøver å spele andre gode.

# **Heimen**

## **K - Eg KAN**

Eg veit kva som er oppgåvane mine inn mot skulen.

Eg kan å hjelpe barnet mitt.

Eg kan å be om hjelp når eg treng det.

## **L - Eg legg til rette så barnet mitt skal LÆRE**

Eg vil hjelpe barnet mitt sånn at han/ho har dei beste føresetnadane for å lære.

Eg gjer alt eg kan for at barnet mitt møter opplagd og utkvilt til skulen.

Eg sørger for at barnet mitt har fått i seg mat, har med mat og rett utstyr.

Eg har fokus på læring og gjer avtalar om god åtferd i klasserommet.

Eg forstår verdien av ros og oppmuntring i leksesituasjonen.

## **A - Eg tar ANSVAR**

Eg tar ansvar for å ha skulearbeid på dagsordenen.

Eg støtter opp om leksearbeid.

Eg snakkar positivt om skulen.

Eg passar på at mitt barn får delta på aktivitetar som skulen har regi på.

Eg gir barnet mitt ansvar han/ho kan meistre.

## **T - Eg bidrar til at barnet mitt kjenner seg TRYGG på skulen.**

Eg ser og høyrer på barnet mitt.

Eg seier frå dersom eg ser eller høyrer barn vert utsatt for mobbing, eller av andre årsakar, ikkje har det bra.

Eg snakkar fint om andre barn og vaksne.

Eg forventar at mitt barn er med på å gjere andre sin skulekvardag trygg.

Eg samarbeider med skulen dersom barnet mitt har utagerande åtferd mot andre.

## **R - Eg viser respekt for andre.**

Eg respekterer barnet mitt.

Eg respekterer andre barn og vaksne eg kjem i kontakt med gjennom skulen.

Eg viser respekt ved å sjå dei og lytte til dei.

Eg tar kontakt på ein ordentleg måte dersom eg er ueinig.

Eg skil mellom sak og person.

## **E - Eg er ENGASJERT**

Eg deltar på utviklingssamtalar, foreldremøter og foreldreskule.

Eg prioriterer å stille på sosiale tilstellingar arrangert av skulen.

Eg engasjerer meg i kvardagen til barnet mitt ved å spørje spørsmål.

Eg les e-postar og vekeplanar.

Eg tar tak i små og store saker skulen melder om.

# **Skulen**

## **K – Eg KAN**

Eg kan skape god stemning i klasserommet.  
Eg veit kva som er oppgåvane mine.  
Eg er motivert.  
Eg er sjølvstendig og samarbeidsvillig.  
Eg gjer ting eg synest er vanskeleg og uvant.  
Eg veit kva eg er god til.

## **L- Eg vil LÆRE**

Eg er på skulen for å lære og for å lære frå meg.  
Eg tar gode val.  
Eg roser læringsfremjande åtferd og tar grep ved læringshemmande åtferd.  
Eg skaper eit positivt læringsmiljø.

## **A – Eg tar ANSVAR**

Eg gjer mitt beste og viser god innsats.  
Eg veit kva som er forventa av meg.  
Eg følgjer opp leksearbeid.  
Eg er førebudd med rett utstyr.

## **T- Eg treng å kjenne meg TRYGG.**

Eg passar på at alle har nokon å vere saman med.  
Eg ser andre barn og vaksne, eg nyttar namnet deira når eg kan.  
Eg tar dei andre på alvor.  
Eg tar tak dersom det er noko som ikkje er bra.  
Eg tar avstand frå mobbing og grip aktivt inn.  
Eg arbeider for eit positivt klassemiljø.

## **R- Eg har RESPEKT for andre**

Eg er raus og tar andre i beste meinung.  
Eg gjer andre glade.  
Eg er hjelpsam.  
Eg rosar og oppmuntrar andre.  
Eg er høfleg.  
Eg veit at alle er ulike og vil at alle får vere den dei er.

## **E- Eg vil vere ENGASJERT**

Eg gjer mitt beste.  
Eg deltar sosialt og fagleg når eg kan.  
Eg stiller spørsmål.  
Eg byr på meg sjølv.  
Eg prøver å spele andre gode.